



# Visitasmelding for Hjelme og Blomvåg sokn

ved bisepevisitas  
22.-24. og 27. mars 2022



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelme og Blomvåg sokn



# Innholdsliste

<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Program for visitasen .....</b>	<b>4</b>
<b>2. Kort historikk sidan førre visitas.....</b>	<b>5</b>
<b>3. Tilhøva i soknet og kommunen .....</b>	<b>6</b>
<b>4. Råd og tilsette.....</b>	<b>8</b>
<b>5. Det åndelege livet i kyrkjelyden .....</b>	<b>9</b>
5.1 Generell vurdering.....	9
Statistikk .....	10
5.2 Det kyrkjelege arbeidet .....	10
5.2.1 Gudstenester .....	10
5.2.2 Kyrkjelege handlingar .....	11
5.2.3 Trusopplæring.....	12
5.2.4 Statistikk trusopplæring .....	14
5.2.5 Diakoni .....	16
5.2.6 Misjon .....	16
5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd.....	17
5.2.8 Undervisning og vaksenarbeid .....	17
5.2.9 Givarteneste .....	18
5.2.10 Informasjonsarbeid, kyrkjelydsblad, nettsider, sosiale medier, informasjonsstrategi .....	18
<b>6. Økonomi, kyrkjer og gravplassar .....</b>	<b>18</b>
<b>7. Vegen framover, strategiar og mål .....</b>	<b>20</b>
7.1 Leiing og organisering.....	20
7.2 Gudstenesteliv .....	20
7.3 Kyrkjelydsutvikling .....	21
7.4 Skjergardsheimen .....	22
7.5 Diakoni .....	22
7.6 Arbeidet med barn og ungdom.....	22
7.8 Økonomi .....	22
7.9 Kyrkjebygg.....	22
7.10 Koronatida .....	23
<b>8. Sluttord/konklusjon.....</b>	<b>24</b>

# Innleiing

Me ynskjer biskopen i Bjørgvin Halvor Nordhaug velkomen til Hjelme og Blomvåg sokn!

Me ser fram til gode dagar samen med biskopen med følgje når han no skal vitja soknet vårt. Førre gong det var visitas, var i 2006. Mykja har endra seg på 16 år både i kyrkjelyden og i kommunen. To sokn har vorte til eit og kommunen har gått saman med Fjell og Sund og oppretta nye Øygarden kommune.

Me ser fram til inspirasjon og rettleiing desse dagane. Gjennom arrangement, samtaler og visitasmeldinga vonar me biskopen får eit breitt bilete av arbeidet i Guds rike her hjå oss.

Det var først planlagt visitas i februar 2021. Grunna koronapandemien vart visitasen utsett til mars 2022. Denne meldinga er i hovudsak skrive hausten 2020, men er oppdatert med tal og kommentarar der det er naudsynt.

«Elska av Gud og menneske» er kyrkjelyden sin visjon. Måtte visitasen bidra til at me lykkast enda meir med vår visjon for folk og kyrkjeliv i Hjelme og Blomvåg.

Hjelme og Blomvåg sokn 11.02.2022

Soknerådsleiar Erling Vik

Kyrkjevevje Annlaug Børve

Sokneprest Espen Sigve Tveten



# 1. Program for visitasen

## Tysdag 22. mars:

	<b>Ansvar</b>	<b>Lokale</b>	
09:00	Opning av visitasen	Sokneprest, organist	Blomvåg kyrkje
09:30	Sokneteamsamling	Biskop, sokneprest, sokneteameleiar	Blomvåg kyrkje
11:00	Lunsj	Kyrkjeverje, sokneteameleiar	Blomvåg kyrkje
12:00	Indiv. samtalar med biskop	Prost	
12:00	Sokneprest		Kyrjekontoret Rong
13:00	Prostiprest		
14:00	Kyrkjeverje		
15:00	Slutt		

## Onsdag 23. mars:

09:00	Møte for prestar og biskop	Prost	Blomvåg kyrkje
11:00	Pause		
11:30	Lunsj	Kyrkjeverje, sokneteameleiar	Blomvåg kyrkje
12:00	Møte med kommunen	Kyrkjeverje	Blomvåg kyrkje
13:30	Pause		
14:00	Bedriftsbesøk Dale Oen Experience	Kyrkjeverje, sokneprest	Dale Oen Exp.
16:00	Middag på Skjergardsheimen	Adm.konsulent, soknerådsleiar	Skjergardsheimen
18:30	Fellesskapskveld	Sokneråd	Hjelme kyrkje

## Torsdag 24. mars:

09:00	Gudsteneste for skulen	Sokneprest, organist, kyrkjelydsped.	Blomvåg kyrkje
10:30	Tednebakkane omsorgssenter	Sokneprest, organist	Tednebakkane
11:30	Lunsj	Tednebakkane	Tednebakkane
12:30	Spørretime ungd.skulen	Rektor, sokneprest	Kulturhuset
13:30	Møte med lærarar	Rektor, sokneprest	Kulturhuset
15:30	Middag hos kyrkjeverja	Kyrkjeverje	Skjold
18:00	Møte med soknerådsleiar	Soknerådsleiar	Sakrestiet Blomvåg
18:30	Samrådsmøte	Prost	Blomvåg kyrkje

## Søndag 27. mars:

10:00	Førebuingmøte og bøn	Biskop, prost, sokneprest	Hjelme kyrkje
11:00	Visitagudsteneste	Biskop, prost, sokneprest, organist	
12:30	Visitaforedrag	Biskop	
13:00	Kyrkjekaffi	Sokneråd	
14:00	Slutt		



## 2. Kort historikk sidan førre visitas

Førre visitas var 13.-17. september 2006 ved Ole D. Hagesæter. Før den gong var det visitas i 1993 ved Per Lønning.

Vistasmeldinga i 2006 hadde tittelen «Klar til forhaling». Kyrkja i Øygarden var prega av den vanskelege situasjonen i Den norske kyrkja knytt til samlivsetiske spørsmål. Ein hadde eit ønske om å finne ein utveg. Forhalingstanken reiste spørsmål om det var mogeleg for lokalkyrkjelyden å finne ei ny tilsynshamn. Biskop Hagesæter møtte kyrkjelyden med forståing for uroa, samstundes som han lukka døra for alternativt tilsyn som ei mogeleg løysing innan gjeldande kyrkjeordning. Det vart i ettertid ikkje eit brot med kyrkja, men tematikken skapar framleis uro innanfor og utanfor kyrkjeveggane.

Sidan førre visitas har det skjedd mykje i Guds rike i Hjelme og Blomvåg. Denne meldinga gjev uttrykk for at gamal, god arv er teken vare på, og mykje nytt har kome til.

Sidan 2006 er mesteparten av staben skifta ut, samstundes som dei løna medarbeidarane har vore stabile og lenge i tenesta. Det har og vore kontinuitet i dei kyrkjelege råda.

Dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden slo seg saman til storkommunen Øygarden. Tre fellesråd vart då til eitt 01.12.2019. Dette har ført til mange endringar. Kyrkjekontoret i gamle Øygarden vart stengd for publikum og kyrkjeverje og administrasjonskonsulent vart flytta til Straume. Dei andre tilsette har framleis kontorlokale på Rong.

Det har vore stabil tilslutnad om kyrkja og kyrkjelege handlingane sidan førre visitas, sett bort frå i koronatida. Det har vore eit sterkt barne- og ungdomsarbeid i soknet, der trusopplæringa på vår eigen leirstad Skjergardsheimen står sentralt. Dei seks siste åra har det vore eit særskild fokus på kyrkjelydsutvikling og omsut for uløna medarbeidarar.

### 3. Tilhøva i soknet og kommunen

Fram til 2020 fall kommunegrensene saman med soknegrensene for Hjelme og Blomvåg sokn. Naturlig nok vart det ikkje slik med ny storkommune. Gamle Øygarden kommune si historie strekk seg tilbake til 1964. Då vart denne kommune oppretta etter ei samanslåing av Hjelme kommune i nord og deler av Herdla kommune i sør.


Som ei følgje av kommunereforma i 1964, vart det endringar i den kyrkjelege inndelinga av prestegjelda i landet, også i Øygarden. Det nye prestegjeldet bestod no av Blomvåg sokn, som vart skilt ut frå Herdla sokn, og Hjelme sokn som vart skipa etter ei frådeling frå Manger prestegjeld i 1903. Nemninga «prestegjeld» vart frå 2004 fasa ut av Den norske kyrkja. «Soknet» er no grunneininga i kyrkja, og prestane er tilsett i eit prosti framfor eit prestegjeld.

Hjelme og Blomvåg sokn var tidlegare to sokn. Etter ei forsøksordning med felles sokneråd frå 2009, vart sokna slått saman til eitt sokn i 2019. Også på kommunenivå har det vore samanslåing, og då gamle Øygarden kommune 1. januar 2020 vart slått saman med kommunane Fjell og Sund, vart nye Øygarden kommune den nest største kommunen i Vestland fylke med i overkant av 38 000 innbyggjarar. Av desse bur om lag 4900 i Hjelme og Blomvåg sokn.


Etter opninga av Sotrabraua i 1971, opplevde ein på 70- og 80-talet ei eksplosiv vekst i folketalet. Gamle Øygarden fekk del i denne auken då kommunen vart landfast 1986. I ein periode på starten av 2000-talet var kommunen den raskast veksande i Hordaland og fjerde raskast i Noreg. Det har vore jamn vekst i talet på innbyggjarar med ein topp i 2017 (4913) i gamle Øygarden. I nye Øygarden ventar ein dei neste 30 åra at folketalet vil stiga frå omkring 38000 til 47000 innbyggjarar. Dei neste 30 åra ventar ein at folketalet vil vekse til omlag 47 000 innbyggjarar. Det er ein vekstprognose som er på 21,9 prosent, og er nest høgast i Vestland fylke (berre slått av Bjørnafjorden kommune).

Alderssamansetjinga i kommunen er også i ferd med å endre seg. Ein høg del av befolkninga i regionen har vore ung, men dei neste 10 åra ventar ein nullvekst eller nedgang i talet på barn og unge under 30 år. Veksten i folketalet vil kome i den delen av befolkninga som er over 30, og då særleg i aldersgruppa 75 år og oppover. Det er også verdt å nemne at kvar tiande innbyggjar i kommunen er innvandrar. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar, og ein stor del kjem frå Aust-Europa.

I tillegg til offentleg sektor som har nær 3000 tilsette, er det olje- og gassnæringa som gjev dei fleste arbeidsplassane



07459: Befolkning, etter år. Øygarden (-2019), Personer.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

i kommunen. Frå midten av 80-talet vart det ilandført olje til Stureterminalen, og frå midten av 90-talet gass til Kollsnes. På Ågotnes er 3000-4000 arbeidsplassar knytt opp mot supplytenesta. Etableringa av olje- og gassnæringa hadde svært mykje å seie for utviklinga av kommunen, noko den framleis har. Ein ny storsatsing er Nothern lights -prosjektet, som dreiar seg om fangst og lagring av CO2, der lagringsdelen er knytt til energiparken på Blomvåg. Prosjektet vert rekna som ein viktig del av det grønne skiftet, og inneber ei investering i milliardklassen.

Eit arbeidsliv som i stor grad heng saman med olje- og gassektoren er samtidig sårbar for svingingar. Då det var ei nedgang i næringa i 2014-15 opplevde mange i kommunen å miste jobben. I Hjelme og Blomvåg sokn utgjer oppdrettnæringa ei stor og etter høve stabil næring.

Øygarden har eit rikt og aktivt kultur- og organisasjonsliv for både barn, unge og vaksne, med 80-90 idrettslag, kor, korps, velforeiningar, nærmiljøutval, sanitetsforeiningar osv. registrert i nordre del av kommunen. Her ligg det eit utviklingspotensiale i å samarbeide tettare, t.d. om fleire friluftsgudstenester, musikkarrangement og diakonale tiltak. Samarbeidet med mange av dei kristelege laga og organisasjonane i kommunen er allereie godt. Seinare i meldinga kjem me meir spesifikt attende til dette.

Innbyggjarane nord i kommunen nyt også godt av dei mange investeringane gamle Øygarden kommune gjorde i gode og tenlege bygg og infrastruktur. Hjeltefjorden arena og symjehall, kulturhuset, ny skytebane og ny fjordpark er døme på dette.

Skulestrukturen har vore stabil i nordre delar av kommunen. Det er fire barnehagar, fire barneskular og ein ungdomsskule i soknet. I 2021 vart det vedtatt at Blomvåg skule skulle

leggast ned. Dette vart det det mykje lokal strid omkring. På ungdomsskulen har det vore drive eit systematisk MOT-arbeid i lang tid. Det har vore politisk vilje til å støtte opp under dette for å byggje gode lokalsamfunn med trygge ungdomar. Når det gjeld barnehagane, er ein driven av kommunen, ein av Norlandia og to av NLM. Den siste opna i august 2020. Samarbeidet med skulane og barnehagane opplevast godt.

I samband med samanslåinga vart det peika på nokre sentrale utviklingstrekk og utfordringsbilete i den nye kommunen. Av desse vil dei følgjande i særleg grad utfordre kyrkja sitt diakonale arbeid, og vår evne til samskaping:

- Fleire av innbyggjarane kjem til å stå utanfor fellesskapet som følgje av mangel på økonomiske og materielle ressursar
- Aukande grad av barnefattigdom
- Høg førekomst av psykiske lidningar blant unge
- Det er fleire ungdomar som ikkje har tilgang på sosial støtte
- Svært høg førekomst av narkotikautløyste dødsfall
- Fleire enn gjennomsnittet fell ut av vidaregåande utdanning
- Det finst fleire innbyggjarar som opplever vald og mishandling

Dialogen mellom kommuneleiinga i tidlegare Øygarden kommune og soknet har vore god. Alle dei tidlegare fellesråda i Øygarden har hatt nær og god dialog med leiinga i kvar sine kommunar, med faste årlege møtepunkt. Dette lovar godt med tanke på samarbeidet mellom fellesråd og kommune også i tida framover.

# 4. Råd og tilsette

## 4.1 Råd

### Hjelme og Blomvåg sokneråd

Namn	Merknad
Erling Vik	Fast medlem, leiar
Aina Elisabeth Hellesund	Fast medlem, nestleiar
Espen Sigve Tveten	Fast medlem, sokneprest
Gisle Kårbø Rong	Fast medlem
Øyvind Solsvik	Fast medlem
Therese Dale Gerhardsen	Fast medlem
Gustav Landro	Fast medlem
Elise Irene Karlsen	Varamedlem
Øystein Vik	Varamedlem
Astrid Johanna Nautnes Rustad	Varamedlem
Tormod Magnesen	Varamedlem
Monica Breivik	Varamedlem

### Øygarden kyrkjelege fellesråd

Valt/peika ut av	Namn	Merknad
Hjelme og Blomvåg sokneråd	Gisle Kårbø Rong	Fast medlem, nestleiar
Hjelme og Blomvåg sokneråd	Erling Vik	Varamedlem
Fjell sokneråd	Arvid Nese	Fast medlem
Fjell sokneråd	Eigil Nødtvedt	Varamedlem
Foldnes sokneråd	Per Helge Refvik	Fast medlem
Foldnes sokneråd	Harald Rød	Varamedlem
Landro sokneråd	Dag-Olav Bjorøy	Fast medlem, leiar
Landro sokneråd	Kjersti Langeland Angeltveit	Varamedlem
Sund sokneråd	Jan Tveit	Fast medlem
Sund sokneråd	Oddveig Margrethe Skoge	Varamedlem
Øygarden kommune	Hege Misje	Fast medlem
Øygarden kommune	Helge Nilsen	Varamedlem
Biskopen	Jan Tommy Fosse	Fast medlem
Biskopen	Bjarte Nese	Varamedlem

## 4.2 Tilsette

Dei tilsette er organisert i fem seksjonar på tvers av sokna. Dette er seksjon for administrasjon, barn og unge, kyrkjemusikk, kyrkjer og gravplassar og diakoni. Seksjonane er leia av ein seksjonsleiar som har fagleg ansvar, personalansvar og budsjettansvar for sin seksjon.

Mot sokna er verksemda organisert i tverrfaglege sokneteams, som vert leia av ein av seksjonsleiarane, som i denne samanhengen har rolla som sokneteamléiar.

I Hjelme og Blomvåg vert sokneteamet leia av kantor Øystein Steinsland (100 %). Sokneteamet består i tillegg av: Sokneprest Espen Tveten (100 %), trusopplærar Hogne Berland (100 %), diakonimedarbeidar Ellen Ebbesvik (100 %, delt mellom Hjelme/Blomvåg og Foldnes), kyrkjetenar Kari Bekkenes (100 %), lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget Cecilie Borsholm Vik (100%), 3 ungdomsarbeidar, Mathilde Karin Dale, Eskil Sjøstrøm og Kristine Flåten (til saman 60%), og administrasjonskonsulent Kari Ragne Sandøy Rong (80 %, som også har andre administrative oppgåver). Dessutan har me kyrkjeverje og administrasjon lokalisert på Straume.



# 5. Det åndelege livet i kyrkjelyden



## 5.1 Generell vurdering

Det er stor aktivitet i soknet. Uløna medarbeidarar og stab legg ned mykje arbeid. Fellesråd og sokneråd viser engasjement for at kyrkjelydane skal veksa i kvantitet og kvalitet. Men kyrkjebygga møter dessverre ikkje alle behov for ein veksande kyrkjelyd, og gjev oss stadig utfordringar.

Oppslutnaden om gudstenesta har vore stabil og stigande dei seinare åra, fram til koronapandemien kom i 2020. Samstundes er det framleis god plass i kyrkjebenkane på ordinære gudstener. Den vedlagde statistikken viser også stabile tal for andre kyrkjelege handlingar. Men det er verd å halde auga med dåpstala som er varierende.

Me har hatt ønskje om å lenke kyrkjens aktivitetar saman, frå dåp til babysong til småbarnsong og heilt fram til vaksenarbeidet. Gjennom trusopplæringsreforma har me vorte enno meir medvitne om viktigheita av å leie folk vidare til eit nytt tilbod. Særleg arbeidet etter konfirmasjonstida har fått auka merksemd. Leirarbeidet på vår eigen leirplass er ganske unikt i kyrkjesamheng og samlar ofte over 50 % i målgruppa. Me ønskjer også større variasjon i tilboda for vaksne. Me ønskjer å skape ei bru mellom søndagssamlinga inn til smågrupper og relasjonar til andre i kyrkjelyden.

Bedehusrørsla har stått sterkt i vår del av storkommunen. Det har vore eit godt samarbeid mellom kyrkja og bedehusa. Bedehusrørsla har gjennomgått ei stor utvikling. Mange bedehus har lagt ned drifta, medan nokre har vakse og har vorte forsamlingar og kyrkjelydar. Forutan Dnk finns det i Øygarden no følgjande store forsamlingar: INRI-kyrkja

(Imf), forsamlinga på Vik bedehus og Pinsemenigheten Sion. Me har eit uttalt ønskje om samarbeid med dei. Den gamle haldninga om å vere med i både kyrkje og bedehus finst framleis her, men er på vikande front. Utviklinga av teologien i kyrkja sentralt, er utfordrande for samarbeidet med bedehusa. Som tidlegare skrive er den også utfordrande for mange i kyrkjelyden. Dei seinare år har me hatt mange fleire utmeldingar enn vanleg. Men me trur at me når lenger og breiare ut via eit godt samarbeid med andre kristne kyrkjelydar og organisasjonar.

Kyrkjelyden har ei stor gruppe av frivillige i ulike sektorar. Dei er særst viktige i arbeidet. Sokneråd og stab prøver å følgje dei opp med kurs og festar for dei frivillige. Men det er utfordrande å finne nok frivillige til alt arbeidet kyrkjelyden ønskjer å drive. Me legg opp til faste møtepunkt mellom dei løna og dei uløna for å få betre samhandling mellom behov og engasjement.

I åtte år har me vore knytt til Naturlig menighetsutvikling (NaMu). Dette verktøyet har vore til hjelp i kyrkjelydsarbeidet. Annakvart år har me tatt ein test for å måle kyrkjelyden på ei rekke sentrale faktorar. Som ein respons av dette arbeidet har kyrkjelyden retta fokus på livsnære grupper og varme relasjonar som har vore våre svakaste sider, våre «minimumsfaktorer». Ommund Rolfsen har vore vår rettleiar og det har vore fruktbart å ha ein som ser vår kyrkjelyd frå utsida. Filosofien i NaMu er at å arbeide med dei svake sidene i kyrkjelyden vil gje vekst også der me er sterke. Det har vore interessant å sjå at dette stemmer.

## 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

### 5.2.1 Gudstenester

Det er gudsteneste annankvar søndag i dei to hovudkyrkjene. Det vert halde høgtidsgudsteneste både på første og andre dag i dei tre høgtidene. 8 gonger i året er det Sprell-levande gudsteneste (fire i kvar kyrkje). Der er ofte barnekor med, ungdomar spelar drama og det er anna familievenleg program. Dei siste sju åra har me hatt kyrkjekaffi på kvar gudsteneste. Til trass for lite plass til slikt i Blomvåg kyrkje, er kyrkjekaffien viktig for kyrkjelyden.

Me ønskjer variasjon i gudstenestelivet. Difor har me følgjande gudstenester som ein del av vårt årshjul:

- Gospelmesse på kveldstid som avslutning av konfirmantleiren. Når konfirmantane kjem av bussen etter leiren, vert dei møtt av foreldra og går saman på gudsteneste. Koret Gospelteens er bærebjelken i denne gudstenesta.
- Kristi himmelfartsdag på Vik bedehus.

- Friluftsgudsteneste, årleg, vekselvis i Hjelme og Blomvåg.
- KRIK-gudsteneste som avslutning av den lokale ungdomskonferansen Refuel Weekend. Gudstenesta er enten i Hjeltefjorden arena eller i kulturhuset. Etter gudstenesta er det grilling og aktivitetar. Dette er eit samarbeid med KRIK/Dnk og INRI-kyrkja.
- Gudsteneste som avslutning av Øygaardssong. Dette er eit nytt tiltak som har vore arrangert berre ein gong. Både i 2020 og 2021 vart arrangementet avlyst, men det er planlagt eit nytt Øygaardssong i september 2022. Dette er ei song og musikkhelg i Hjeltefjorden arena i samarbeid med INRI-kyrkja, Vik bedehus, Pinsemenigheten Sion og DnK.

I fire år har me kalla inn til morgonmesser i advent- og fastetida i Blomvåg kyrkje. Det er to messer i advent og to-tre messer i fastetida. Messene varar frå 6.30-7.15. Det har vore eit godt oppmøte på mellom 30-85 deltakarar. Gospelteens har òg delteke. Nokre gonger er det servering av frukost.

## Statistikk

**Nøkkeltal for kyrkjelyden (tal for Hjelme og Blomvåg er slått saman).**

**Antall medlemar pr. 31.12.2020: 3756 (tilhørige 3845)**

År	1998	2002	2006	2010	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenestedeltaking	8772	7756	8768	7048	8109	8379	8006	8779	9496	3506	4088
Tal på gudstenester	85	84	80	76	72	84	87	89	90	62	79
Gj. snitt deltaking pr. gudsteneste	103	92	110	97	113	99	92	99	106	57	52
Hovedgudsteneste søn- og helligdag	7444	7756	6292	5038	6306	6344	6105	6697	7594	54	74
Deltaking på hovedgudsteneste	67	64	64	59	58	64	64	65	68	2748	3733
Gj. snitt deltaking pr. hovedgudst.	111	121	98	85	109	99	95	103	111	51	50
Nattverddeltaking	1602	1718	2127	1548	2280	2604	2816	2571	3156	1112	1021
Nattverd-gudstenester	34	38	46	36	39	48	54	51	47	24	31
Gjennomsnitt nattverddeltaking	46	45	46	43	58	54	52	50	67	46	32

### Kommentar til statistikken:

Det er verdt å merke seg at tala i denne statistikken er ei samanslåing for Hjelme og Blomvåg, og vil ikkje vise om det er særskilde utslag som gjeld berre for ei av kyrkjene.

Gudstenester: Gudstenesteoppslutninga har gått både opp og ned, men me ser at pila har vist slak oppgang dei seinare åra fram til pandemiperioden. Talet på gudstenester har òg auka. Ser me på tal attende til 1997 er det berre år 2000 (9644 deltakarar) med høgare deltaking enn 2019. Her er nokre årsaker til ei stabil og veksande trend: Kyrkjelyden ønskjer eit variert gudstenesteliv. Dei seinare år har det

vore auka fokus på familiegudstenester/sprell levande-gudstenester. Det har vore kyrkjekaffi på alle gudstenester. Det har òg vore fleire store fellesgudstenester som gjev utslag på statistikken, særleg i 2019 (KRIK-gudsteneste, Øygaardssong, gjenopning av Hjelme gamle kyrke). Det har vore forholdsvis god oppslutning om trosopplæringsopplegg knytt til gudstenesta, men oppmøte på om lag 50% for fireårsboka og barnebibel (5 år) kunne vore høgare. Tidlegera heldt søndagsskulane til på bedehusa, men no har søndagsskulen «flytta» til kyrkjene og gjer det meir attraktivt for barnefamiljar å koma dit.

I 2021 bestemte me at me dessverre ikkje lenger kan ha søndagsskule i Blomvåg kyrkje i lokala me no har. Det er for mange barn på gudstenestene til at det er mogleg å gjennomføra egne gode samlingar for barn.

I våre NaMu-analyser av kyrkjelivet kjem gudstenestene høgt opp. Difor har me jobba meir med relasjonsbygging og smågrupper, enn med gudstenestene spesielt. Eit anna moment omkring auka oppslutnad er at folketalet har auka i soknet. Moment som ikkje har slått ut negativt på vår

statistikk er «kampen» om søndagen; fleire arrangement enn før skjer på søndagar og det er fleire kyrkjelydar.

Nattverd: Talet på nattverdsgjestar har òg vore stabilt og aukande. Aldri før har det vore fleire til nattverd i soknet enn i 2019. Tala skuldast to hovudfaktorar: Ei auke i deltakarar på gudstenester og såleis òg i nattverdfeiringa. Det er ikkje stor «nattverdvegring» i kyrkjelyden. Det andre er nattverdfeiring på ein del store fellesgudstenester. Me har òg nattverd på morgonmesser, men ikkje på alle familiegudstenester.



## 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

År	1998	2002	2006	2010	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fødde	40	42	57	45	80	73	64	59	39	41	50
Døypte	41	37	39	46	52	42	41	46	37	28	32
Konfirmerte	60	54	63	59	69	51	48	49	47	62	44
Vigslar	8	22	7	9	12	12	8	8	8	7	4
Gravferder	26	36	47	39	40	37	31	39	27	38	41

I rubrikken for «fødde» er her medreikna alle fødde i vår del av kommunen, ikkje berre barn av medlemar. Dåpstala har ein feilmargin sidan ein ikkje nødvendigvis vert døypt det året ein vert født. Dåpstala er lågare dei siste åra enn tidlegare. Me ser ein dalande tendens, men i 2019 (og til ei viss grad i 2018) var tala igjen høge. Det er difor ikkje enkelt å gje ein eintydig analyse av situasjonen. Talet på innvandrarar har stige dei siste åra og er no på 10 %. Dei kjem sjeldan med barna til dåp. Tala gjev grunn til å tru at dåp er på vikande front hjå oss som elles i landet.

Konfirmasjonstala er relativt gode hjå oss. Men det siste åra har det svinga frå 75 % til 89 % (her reknar me prosentdel av heile kullet, ikkje berre dei døypte, sjå tabell i punktet under om trusopplæring). Men sidan tala går opp igjen åra etter nedgang, ser me ikkje ein klår tendens til fallande oppslutnad.

Når det gjeld vigslar, er talet lågt. Dei fleste ønskjer å gifte seg i Blomvåg kyrkje. Etter gjenopninga av Hjelme gamle kyrkje, kan den staden mogeleg trekkje til seg nokre brudepar med tilknytning der. Dei siste åra har det vore om lag ein vigsel utanom kyrkjeshuset kvart år.



### 5.2.3 Trusopplæring

I Hjelme og Blomvåg sokn har det vore eit stort barne- og ungdomsarbeid i mange år, både i kyrkjene våre og på bedehusa. I 2016 vart trusopplæringsplanen vår godkjent. Her står fire ord sentralt: Elska, grunnfesta, disippelgjort og sendt. Me ønskjer at barna og ungdomane i Hjelme og Blomvåg skal vite at dei er elskta av Gud, at dei skal bli grunnfesta i dei kristne trussanningane, at dei skal bli disiplar av Jesus og at dei skal sendast ut i samfunnet. Me har no aktive tiltak for alle årstrinn. Ein del av tiltaka i planen eksisterte før 2016, men med planen kom nokre nye til og tidlegare tiltak vart sett meir i samanheng og i system. Nye tiltak som kom rett før og med den nye planen er babysong, småbarnssong, skapingsvandring, nye leirar og opplegga etter konfirmasjonstida: K2 og K2pp (uttalast k-topp). Utover dette har me utdeling på Sprell Levande-gudstenester til 4-, 5- og 10-åringar. 10- og 11-åringar vert også invitert til Lys vaken.

Leirarbeidet på vår eigen leirplass, Skjergardsheimen, har stått sentralt i soknet i mange år. Dei siste åra har talet på leirar som kyrkja arrangerer auka, slik at me no har ein leir for kvart årstrinn på barneskulen, i tillegg til konfirmantleiren og ein ungdomsskuleleir. «Alle» kjenner leirplassen, både barn og vaksne, og det er kjekt å stadig få spørsmål på butikken om når det er leir igjen!

Me ønskjer at ungdomen skal finne ein plass i eit kristent fellesskap etter konfirmasjonstida og har difor jobba for å få fram gode tiltak for 10. klasse og dei som går på vidaregåande. I tillegg bruker me ressursar og bidreg på dei to ungdomsklubbane i soknet, nemleg KRIK Øygarden og Refuel Øygarden (INRI-kyrkja). Me utfyller kvarandre og jobbar for same sak! I tillegg følgjer me opp skulelaget på ungdomsskulen. Skulelaget har lang tradisjon her ute og har hatt arbeid her i over 40 år. Saman med elevstyret legg me til rette for skuleandaktar ein gong i veka.

### Nokre glimt frå trusopplæringa:

#### Leir på Skjergardsheimen

Me er overtydd om at leir kan vere god trusopplæring. På leir får me vere saman med barna og ungdomane over ein lengre periode. Relasjonar vert skapt når leiarar og deltakarar får felles opplevingar. Saman kan me syngje, spele bibeldrama, spele fotball, ha sporløp, gå bønnevandring, ete taco, høyre bibelforteljingar, samtale i grupper, stå i kioskkø og få den gode samtalen på rommet om kvelden. Me ser også at det vert mykje lettare å gå grundig inn i tema me ønskjer å undervise dei i når me har såpass «god tid» som me har når me har ei heil helg til disposisjon. Det er kjekt å sjå at barna får ein eigarskap til leirplassen som også deira foreldre har hatt før dei. Leirarbeidet kjem sjølvstøtt også med sine utfordringar som gjer at det er viktig å ha gode leiarar. Me meiner ein god miks mellom ungdommar i leiertrening og vaksne gjer seg godt. Ofte er det lettare å få med ungdom enn vaksne som leirleiarar, men spør me foreldre som har barn i den aktuelle aldersgruppa får me ofte napp.

#### Konfirmant

Det har vore god oppslutnad om konfirmantopplegget i Øygarden. På undervisninga startar me alltid med middag og går så over til undervisning, samtalegrupper og lek. Me reiser på leir i november og rett i forkant eller etterkant av leiren, vert konfirmantane inviterte til å delta på bibelgrupper. Utover dette arrangerer me to innsamlingsaksjonar som går til dei to misjonsprosjekta me støttar i kyrkja. Det er eit mål å hjelpe ungdomane til å også sjå utover Noregs grenser i konfirmantåret. På hausten har me Thailand-løpet til inntekt for prosjekt me støttar i Thailand (gjennom NMS og IMI-kyrkja/Normisjon). På våren har me bøsseaksjon til inntekt for Stefanusalliansen sitt arbeid i søppelbyen i Kairo. I løpet av året deltek også konfirmantane på 8 gudstenester og på ungdomsklubben Refuel, på KRIK eller i koret vårt, Gospel Teens. Me ønskjer



at dette skal vere ein god introduksjon til det kristne fellesskapet og gje meirsmak!

### K2 og K2pp

Når det nærmar seg konfirmasjon får konfirmantane tilbod om å delta på K2. Det er opplegget vårt for dei som går i 10. klasse. Me har bevisst ikkje kalla det eit leiartreningsopplegg, men heller eit tilbod om å «vere med vidare». Det varierer veldig frå kull til kull kor mange som melder seg på. Konfirmantkulla er vanlegvis mellom 45 og 65, og me har opplevd at alt frå 5 til 25 personar melder seg på K2. Her samlast me ein gong i månaden til mat, undervisning og lek. Før sommaren reiser me på overnattingstur saman. Dei får også tilbod om å vere leiar på leir og om mentorsamtalar. Før dei vert leirleiarar må dei delta på leirleiar kurs på Skjergardsheimen. Me opplever at det er mykje positivt med å bruke leir som leiartrening.

Etter endt år får dei tilbod om å gå vidare på K2pp som er tiltaket vårt for dei som går på vidaregåande. I starten var dette lagt opp med ei kveldssamling i månaden, men etter innspel frå ungdomane gjorde me endringar i fjor. No har me i staden to til tre helgesamlingar i semesteret, ein slags minileir der me er saman frå lørdag til søndag. Me har overnatta i kyrkjene eller heime hos ein av trusopplærarane. Dette synes me har fungert svært godt og me er ein flott gjeng på mellom 12 og 20 personar kvar samling. Det er kjekt å sjå at ungdomane veks i både tru og teneste. Samstundes skulle me sjølvsagt gjerne hatt med oss endå fleire.

### Draumar for trusopplæringa framover

Me ønskjer å halde fram satsinga på leiararbeid og ungdomsarbeid. Samstundes ser me behovet for kontinuerlege tiltak for dei yngre aldersgruppene. I forsamlinga på Vik bedehus har dei eit flott arbeid med søndagsskule, barneklubar og kor som når dei som bur lengst sør i soknet. Vår draum er kontinuerlege tiltak

som kan nå alle barn i soknet. Me hadde tidlegare ein tweensklubb som på høgden hadde 50-60 barn på kvar samling, men dei siste åra ein del færre. Kan me få starta opp igjen med noko slikt? Kanskje også noko for dei yngre barna? Korleis skal det sjå ut? Kven kan me engasjere for å få det til? Dette er spørsmål me tek med oss inn i året.

Me har mange gode tilbod til ungdomane, men veit alle om dei? Mange får med seg ting i konfirmasjonstida, men draumen er at dei nye konfirmantane allereie skal kjenne godt til ungdomsarbeidet når dei startar. Me forsøkte for eit par år sidan med ei oppstartssamling der me inviterte 8. klassingane på første KRIK-trening. Her informerte me også om ungdomsklubben Refuel. Nokre få møtte opp, så me føler ikkje at me endå heilt har funne formen på dette tiltaket. Me trur potensialet er stort for å invitere dei nye 8. klassingane på ein skikkelig kick off og få til ein god introduksjon til det kristne ungdomsfellesskapet.

I ei tid der mange får beskjed om at kristendom har gått ut på dato, ønskjer me at barn og ungdom i Hjelme og Blomvåg skal få oppdage at trua er relevant og at dei treng Jesus både i 2022 og for resten av livet. For å oppnå dette må me ha gode leiarar som kan skape gode møteplassar, bygge relasjonar og ha tid til barna og ungdomane, alt leia av Guds heilage Ande. Dette krev både god leiartrening og undervisning og at me lever nær Gud og hans ord.

### Koronaoppdatering

Vi har ønska å gjennomføre mest mogleg av trusopplæringa i 2020 og 2021, innan gjeldande anbefalingar. Vi fekk gjennomført dei aller fleste breiddetiltaka som normalt. Nokre få vart gjennomført som alternative opplegg, enten digitalt, som dagsarrangement eller utearrangement. Dei kontinuerlege tiltaka vart nok meir prega av dei skiftande retningslinjene. Heldigvis ser det ut til at oppslutninga er god når ting no er meir normalisert. I statistikken som følgjer er nye tiltak i koronatida innan trusopplæringa merka med rødt.

## 5.2.4 Statistikk trusopplæring

### Statistikk for trusopplæringa i Hjelme og Blomvåg sokn, 2015-2021:

Tiltak	2015	2016	2017
	Deltakarar (% av døypte i årskull)	Deltakarar (% av døypte i årskull)	Deltakarar (% av døypte i årskull)
Dåp/dåpssamtale (0 år)	52 (65 % av alle fødde)	42 (60 %)	41 (64 %)
Babysong (0 år)	15 (39 %)	7 (17 %)	6 (15 %)
Småbarnssong (1 år)	14 (42 %)	5 (10 %)	3 (6 %)
Småbarnssong (2 år)	9 (19 %)	11 (33 %)	6 (12 %)
Småbarnssong (3 år)	6 (13 %)	8 (17 %)	7 (21 %)
4-årsbok på gudsteneste (4 år)	24 (47 %)	24 (51 %)	21 (45 %)
Barnebibel på gudsteneste (5 år)	20 (48 %)	31 (61 %)	27 (57 %)
Gud såg at det var godt (6 år)	9 (17 %)	7 (17 %)	8 (16 %)
Leirdag: Kven er Jesus? (6 år)	18 (33 %)	12 (29 %)	25 (49 %)
Leirdag: Vener for livet (7 år)	26 (47 %)	21 (39 %)	26 (62 %)
Leir: På sporet av Jesus (8 år)	26 (48 %)	39 (71 %)	50 (93 %)
Leir: Adventsleir (9 år)	33 (79 %)	43 (80 %)	47 (85 %)
Bibel på gudsteneste (10 år)	30 (45 %)	27 (64 %)	19 (35 %)
Lys Vaken (10 år)			
Plussklubben (10 år)	28 (42 %)	17 (40 %)	24 (44 %)
Leir: Bli kjent med Bibelen (11 år)	27 (60 %)	40 (60 %)	40 (95 %)
Lys vaken (11 år)			
Plussklubben (11 år)	22 (49 %)	25 (37 %)	15 (36 %)
Leir: Påske (12 år)		28 (62 %)	46 (69 %)
Leir: Alle mot ein (13 år)	32 (73 %)	38 (73 %)	37 (82 %)
KRIK-oppstart (13 år)			
Konfirmant (15 år)	68 (88 % av heile kullet)	51 (78 % av heile kullet)	48 (87 % av heile kullet)
K2 (15 år)	21 (36 %)		
K2pp (2015) / K2 (16 år)	14 (35 %)	16 (28 %)	18 (44 %)
K2pp (17 år)	3 (7 %)	17(43 %)	5 (9 %)
K2pp (18 år)	1 (2 %)	3 (7 %)	7 (18 %)

Me hadde ikkje tiltaket dette året



2018	2019	2020	2021
Deltakarar (% av døypte i årskull)	Deltakarar (% av døypte i årskull)	Deltakarar (% av døypte i årskull)	Deltakarar (% av døypte i årskull)
46 (78 %)	37 (95%)	27 (135 %)	29 (104 %)
7 (19 %)	11 (38 %)	9 (45 %)	
2 (4 %)	5 (15 %)	19 (18 %)	14 (16 %)
6 (12 %)	5 (11 %)		
7 (14 %)	6 (12 %)		
21 (64 %)	22 (45 %)	20 (43 %)	20 (44 %)
24 (51 %)	20 (61 %)	18 (37 %)	17 (37 %)
13 (28 %)	14 (30 %)	10 (28 %)	12 (24 %)
20 (43 %)	27 (57 %)	25 (69 %)	28 (57 %)
33 (65 %)	12 (26 %)	31 (66 %)	24 (67 %)
48 (114 %)	45 (88 %)	9 (20 %)	39 (83 %)
44 (81 %)	41 (98 %)	13 (25 %)	22 (49 %)
21 (38 %)	18 (33 %)	12 (26 %)	18 (35 %)
	21 (39 %)		
16 (29 %)			
43 (80 %)	44 (80 %)	41 (75 %)	14 (30 %)
	14 (25 %)	Avlyst	31 (62 %)
10 (19 %)			
33 (79 %)	33 (61 %)	36 (63 %)	28 (51 %)
53 (79 %)	33 (79 %)	39 (70 %)	10 (18 %)
	7 (17 %)		
49 (75 % av heile kullet)	47 (89 % av heile kullet)	62 (82 % av heile kullet)	44 (75 % av heile kullet)
19 (43 %)	17 (33 %)	9 (20 %)	3 (5 %)
2 (5 %)	9 (20 %)	7 (14 %)	3 (7 %)
3 (5 %)	2 (5 %)	16 (36 %)	10 (20 %)

Tiltak gjennomført som alternativt opplegg merka med rødt



## 5.2.5 Diakoni

Diakoniarbeidet og diakonimedarbeidaren har eit spesielt fokus retta mot eldre, einsame og menneske som slit med liva sine. Diakonimedarbeidar er for tida Ellen Ebbesvik og hennar prioritet er å gå på heimebesøk, besøk på institusjonar og eldre- og føremiddagstreff.

Eldretreffa på Tednebakkane i Blomvåg er eit lågterskeltilbod til bebuarar på sjukeheimen og andre som bur i bygda. Dette er for alle. Me har ofte besøk utanfrå av gjestar som deler av kvardagserfaringar og har innspel frå lokalmiljøet vårt, via ord og bilete. Samstundes er det viktig med forkynning som gir næring til trua vår.

Det er treff i både Blomvåg og Hjelme. Treffa i Hjelme kyrkje var i fare for å bli lagt ned, men med noko forandringar har dei vorte vidareført. Her møttest me no på føremiddagen og har god tid til å dele frå liva våre med kvarandre. Her bruker me også krefter utanfrå som gir inspirasjon og gode opplevingar. Det er viktig å løfte fram det me trur på som me kan leva på og døy på. På begge stadene er det fleire frivillige menneske med og det er kjempeviktig.

I løpet av hausten er oktober sorgmånaden vår. I denne månaden har me ein kveld kor pårørende ved dødsfall er invitert til å samlast. Det blir gitt tilbod om å få vere med i ei «sorggruppe». I forlenginga av dette kjem Allehelgensdag kor diakonimedarbeidaren deltek og me minnst dei døde.

I fleire år var tre av dei tilsette ved kyrkjekontoret i Øygarden aktive med i «Språksprell». Dette var eit

initiativ frå kommunen for våre nye landsmenn. Dei delaktige var Frivillighetssentralen, norskopplæringa, flyktningkonsulenten og kyrkja. Tilbodet gav hjelp for å lære norsk. Dette var deira første møte med norskopplæring og dei fekk vere med eit år. Etter kommunesamanslåinga vart dette dessverre lagt ned.

For diakonimedarbeidaren sin eigen del er heimebesøk høgt prioritert, og Jesu møte med einskildmenneske er hennar førebilete. Det er viktig å vere ein lyttande medvandrar for dei som har bruk for det. Slik kan ho formidla Jesu godleik, kjærleik og nærleik. Det viktige er at menneska opplever seg verdfulle og sett i alle våre samanhengar.

Kvar 14. dag har kyrkja andaktar på Tednebakkane omsorgssenter. Det er organisten og presten som er ansvarlege. Det er eig godt samarbeid med omsorgssenteret.

## 5.2.6 Misjon

Kyrkjelyden har ein sterk tradisjon for å støtte ytre misjonsarbeidet. For tida har me misjonsavtale kor arbeidet i to land. Me støttar for det første misjon i Thailand. Her er støtta delt mellom to prosjekt, det eine i regi av NMS og det andre i regi av IMI-kyrken/Normisjon. Dette er eit prosjekt soknepresten har arbeid i. Kyrkjelyden har forplikta seg til å samle inn 60 000,- kvart år. Konfirmantane sitt Thailand-løp kvar haust er til inntekt for dette arbeidet. I 2017 arrangerte me studie- og misjonstur for ungdomar i Øygarden til Thailand.





I tillegg støttar me Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt. Kyrkjelyden vil vise at me står opp for forfølgde kristne og av den grunn teikna me misjonsavtale med Stefanusalliansen. Kvar vår har konfirmantane ein innsamlingsaksjon til inntekt for dette arbeidet.

Forutan misjonsavtalene støttar kyrkjelyden anna arbeid og lokale misjonærar som dreg ut i teneste. Det har vore kyrkjetenar Janesh Amenja med familie som har arbeidd i Kenya, og Ingebjørg Martinussen som har vore i Peru. Kyrkjelyden planla ein ny studie- og misjonstur til Peru for ungdomar hausten 2020. På grunn av pandemien måtte turen utsettast og endrast. No planlegg me ungdomstur til Israel i påska 2022. Det kan og leggjast til at me i 2018 hadde tur for stab og kyrkjelyd til Israel der me mellom anna vitja arbeidet til Den norske Israelmisjon.

### 5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, korarbeid og samarbeid med grunnskule/ barnehage. Medverknad frå ulike musikkaktørar som kor, korps, solistar og kulturskule.

Det er god salmesong i Hjelme og Blomvåg kyrkje. Dette er eit svært positivt trekk ved kyrkjelyden som såleis syner sitt engasjement og glede gjennom å syngje. Det er ei stor glede for kantoren å spele til gudsteneste når salmesongen er god. Og når det ved ymse høve er solistar/kor med enten med song eller instrument, så løftar det samklangen endå eit hakk.

Ved gravferder er det vanleg å ha solistar med, enten frå familien sjølv eller innleigde profesjonelle. Dette skapar ei høgtideleg og stemningsfull ramme rundt gravferda. Det er jamt over høg kvalitet på solistane og det er for kantor inspirerande og gjevande å få spele saman med så mange flinke musikarar.

Det er ikkje så mange vigslar i Hjelme og Blomvåg. Det er helst om sommaren og er då eit gledeleg og kjærkomme innslag i kantoren sitt arbeid.

Institusjonsbesøk kvar 14. dag på Tednebakane omsorgssenter er eit viktig bidrag frå kyrkja. Der samlast ein om Guds ord og salmesong, til folk som elles ikkje kjem seg så lett til kyrkja. Gleda brukarane har ved å syngje er stor, dei kan mange songar frå før og verdien av dette fellesskapet er livgjevande.

Konsertar/musikkarrangement (informasjon henta frå årsmeldingar for Hjelme og Blomvåg 2013-2021). Det har vore i snitt om lag 7 konsertar/musikkarrangement kvart år i perioden. Med besøk av eksterne musikarar, eigne lokale krefter i kor, korps og solistar, me syng jula inn, samt at kantor har spela ulike orgelverk. Konsertane syner breidda i det lokale musikklivet, men utvidar også horisonten ved å trekkje til seg aktørar utanfrå.

Det har vore mykje godt korarbeid i Hjelme og Blomvåg med både barne- og vaksenkor. Kora har delteke på gudstenester, konsertar, vore på helgeturar og seminar. Øygardskoret var i 2014 på tur til Færøyane. Gospelteens er eit ungdomskor drive av engasjerte frivillige som øver i Blomvåg kyrkje og er eit stort og viktig bidrag til ungdomsarbeidet i soknet. Kyrkja har også ei barnesonggruppe, eit flott tilbod til dei yngste som kjem der saman med foreldre. I tillegg har kyrkja eit godt samarbeid med barnekoret Lyskastaren på Vik bedehus.

Samarbeidet med grunnskule og barnehage er godt. Årleg besøker 2. trinnet ved alle skulane kyrkja. Ungane vert kjend med, og får prøve orgelet. Kyrkjelydspedagogen er også med og fortel om kyrkja. Ein har også skulegudstenester og barnehagevandringar til jul.

Noverande kantor i Hjelme og Blomvåg sokn, Øystein Steinsland tok over jobben 1. februar 2020 etter Anne Lise Grøm som pensjonerte seg. Ho har gjort eit kjempearbeid med kyrkjemusikken i ei lang og tru teneste (29,5 år). Øystein Steinsland har også overteke jobben som seksjonsleiar for kyrkjemusikk, som ein del av kantorstillinga i Hjelme og Blomvåg, etter Olav Sørheim, tidlegare kantor i Fjell som pensjonerte seg juli 2020 også han etter lang og tru teneste (45 år).

### 5.2.8 Undervisning og vaksenarbeid

Arbeidet med kyrkjelydsutvikling har gjeve oss auka fokus på å skape arenaer der me kan byggja relasjonar. Av den grunn har me ulike fellesskapskveldar gjennom året. Me har også fest for frivillige og me har starta med julefest i Hjelme kyrkje. Dei siste åra har me hatt visjonslaurdager der me samtalar om kyrkjelydsarbeidet. I veka før påske har me «Påskekveld i Blomvåg kyrkje» der påskebodskapen vert formidla med lesing, dramatisering og musikk.

Kvart år vert konfirmantforeldre invitert til tre foreldremøte med tema «tru», «håp» og «kjærleik». Her vert det undervisning, samt gjeven aktuell informasjon om konfirmantåret. Desse temakveldane har vorte teke godt imot av målgruppa.

Kyrkjelyden ønskjer å styrke arbeidet med husfellesskap og bibelgrupper. Dei seinare år har nokre nye grupper vorte starta. Det er ikkje naudsynt at gruppene er like, så det er både turgruppe, strikkegruppe, alphagruppe og meir tradisjonelle bibelgrupper. Soknepresten har leiarsamlingar for personar som leier grupper, samt personar som tenkjer på å starte ei gruppe. I denne gruppa er det undervisning og utveksling av erfaringar.

I fastetida får kyrkjelyden utdelt ei bibel- og bønneplan som soknepresten utarbeidar. Her er daglege bibelvers og bønnetema. Morgonmessene og påskekvelde er innlemma som viktige element i kyrkja sitt fasteopplegg.

Me har gjennomført og planlegg på ny å gjennomføre både alphakurs og samlivskveldar. Alphakurset gjer me saman med andre forsamlingar og samlivskveldane gjer me saman med Samlivsskolen.

På fleire av bedehusa er det bibelundervising. Sidan det er ein god relasjon mellom bedehus og kyrkja, er det mange som mottar bibelundervising der. Her er målgruppene både unge vaksne og vaksne. Dei tilsette i kyrkja vert iblant beden om å undervise i desse samanhengane.

## 5.2.9 Givarteneste

Kyrkjelyden har ei givarteneste. I 2021 kom det inn 114 500,-. Givartenesta bør aukast.

Det har vore krevjande å få til ein større auke i fast givarteneste. Dette kan vere fordi mange i soknet også er engasjert i andre samanhengar der ein er med og gir til arbeidet. Det har også vore slik at fellesrådet sin gode økonomi har halde arbeidet oppe lokalt og ein kunne fokusere på offer til m.a. misjon. Soknerådet og soknepresten løftar givartenesta fram med jamne mellomrom.

## 5.2.10 Informasjonsarbeid, kyrkjelydsblad, nettsider, sosiale medier, informasjonsstrategi

ØyNytt er vårt kyrkjeblad. Kyrkjevevja er ansvarleg redaktør og informasjonskonsulent Yngvild Mørner Sørheim er redaktør. Bladet har eit ynskje om å halde høg kvalitet både med tanke på layout og innhald. Bladet er populært i soknet og vart lesen av svært mange. I 2008 kom kyrkjebladet på tredjeplass i kåringa av Noregs beste kyrkjelydsblad. Det er viktig at me i framtida har eit eige blad for Hjelme og Blomvåg. Det er ikkje ønskeleg at vårt blad slår seg saman med dei andre kyrkjeblada i fellesrådsområdet. Då vil nærleiken mellom soknet og folket hjå oss forsvinne.

Kyrkja har eiga nettside og Facebookside. I koronatida opplevde me å nå inn til mange heimar med sendingane våre. Det var gode, men krevjande, produksjonar. Me har per dags dato ingen overordna strategi for å følge opp dei gode erfaringane frå koronatida med å lage andaktar/ gudstenester på nett.

# 6. Økonomi, kyrkjer og gravplassar

## 6.1 Økonomi

Hjelme og Blomvåg var tidlegare Øygarden, då som samanslått sokn under prøveordning. Fellesrådet sin økonomi og soknerådet sin økonomi var skild frå kvarandre. Gamle Øygarden kommune har i alle år gjeve fellesrådet gode økonomiske rammer. I 2012 var det økonomiske utfordringar, men det vart retta opp i. Kommunen har m.a. medfinansiert ungdomsarbeidarstillingar.

Kommunal rammeløyving var på kr. 5 375 000 i 2019, kr. 5 310 000 i 2018 og kr. 5 160 000 i 2017.

Soknerådet baserer sin økonomi på offer og fast givarteneste. Inntektene til soknerådet ligg årleg i snitt på

kr. 185 000 (ikkje medrekna offer til andre og misjonsløp/ innsamling). I fleire år har soknerådet medfinansiert ungdomsarbeidarstillingar som overføring til fellesrådet. Den faste givarteneste har vore innretta mot desse stillingane. I tillegg har ein kompensert for kostnader med leirar på Skjergardsheimen. Dette var for å halde nede prisen for deltaking, slik at prisen ikkje vart til hinder for deltaking.

Soknerådet sine utgifter elles er relatert til arrangement og til sommararrangement for uløna medarbeidarar.

Kyrkjelydane har misjonsprosjekt med innsamlingsmål som er omtala andre stader i meldinga.

Inntektene til soknerådet har lagt nokså stabilt over tid.

	2017	2018	2019	2020	2021
Offer til eige arbeid	73 012	80 553	95 361	58 450	58 700
Givarteneste	107 400	96950	104 350	102 100	114 500
Andre innsamlinger som basar, messer, gaver og liknande	67 700	59 233	50 978	70 285	145 170
Offer til andre	169 308	173 189	184 977	92 406	95 300



## 6.2 Kyrkjer og gravplassar

Det er tre kyrkjer. To av kyrkjene er i vanleg bruk som soknekyrkjer, medan den tredje, Hjelme gamle kyrkje, vert sporadisk nytta. Kyrkja som ligg lengst nord er Hjelme kyrkje. Den vart vigsla 13. juni 1971 og var 50 år i fjor. Kyrkja har 340 sitjeplassar. Kyrkja har bårerom. Gravplassen i Hjelme kyrkja vart utvida vesentleg i 2013. Kyrkja har ikkje eigna rom til søndagsskularbeid og dei romma som kan nyttast er små og ikkje lydtette.

Hjelme gamle kyrkje er frå 1875 og var soknekyrkje fram til ny kyrkje vart bygt. Den er ikkje lenger i dagleg bruk. Kyrkja har i lengre tid vore stengt for allmenn bruk på grunn av behov for vedlikehald. Den vart rehabilitert i løpet av 2018 og 2019 med kommunale midlar. Hausten 2019 var det ei stor gudsteneste ved gjenopninga. Nærmiljøutvalet spela ei stor rolle opningsdagen. I framtida ser me for oss å nytte kyrkja til bryllaup, konsertar, omvisingar og enkle gudstenester (til dømes 17. mai). Arrangement må skje på sommarhalvåret på grunn av manglande oppvarming. Det er ikkje innlagd vatn, det er ikkje sanitæranlegg og det er liten plass for parkering. Kyrkjegarden vert halden i hevd.

Blomvåg kyrkje vart vigsla 24. november 1931. Ho har 250 sitjeplassar. Kyrkja har kombinert bårerom og sanitæranlegg. Dette huset er modent for oppgradering. Kyrkjegarden vart seinast utvida i 2001, og i 2019 vart det lagt til rette for gravlegging i to høgder. Kyrkja er for liten til å møte dagens behov. Den er ofte overfylt ved

større gudstenester og gravferder. Den har ikkje eigna rom til kyrkjekaffi og søndagsskularbeid. Dette hindrar kyrkjelydsutvikling. Soknerådet peika i 2006 på Rong som mogeleg ny gudstenestestad. Ny kyrkje er ikkje ein del av kommunen sine planar no, men soknerådet har meldt inn behovet i nyare tid. Då siste arealplan rundt Blomvåg kyrkje vart vedteken i 2019 vart grensene bak sanitæranlegget/bårerommet utvida. Her bør det lagast planar for nytt bygg med rom til kyrkjelydsarbeid/søndagsskule, bårerom og sanitæranlegg.

Kyrkjene er halden godt i hevd, noko som har skjedd i nært samråd med gamle Øygarden kommune.

I 2010 vart det gjennomført eit større vedlikehald av Blomvåg kyrkje etter at det vart avdekka råteskadar i berande konstruksjonar. Berande konstruksjonar vart skifta ut, golvet vart rehabilitert, nye heller og golv i våpenhuset og kyrkja og servicebygget fekk ny takstein. Det vart lagt belegningsstein utanfor kyrkja og orgelet var overhala.

I 2011 vart det utført eit større vedlikehaldsarbeid på Hjelme kyrkje. Dette omfattar skifting av vindauge, nytt golvbelegg i hovudsal, kyrkjelydssal og sakristi, ny løpar, nye stolar og bord. Også orgelet vart overhala.

I 2016 var det på nytt eit større vedlikehaldsarbeid på Blomvåg kyrkje. Då vart tårntaket skifta, spiret vart overhala, vindauga vart skifta ut og deler av kledninga skifta.

I 2021 vart Blomvåg kyrkje måla utvendig.

# 7. Vegen framover, strategiar og mål

## 7.1 Leiing og organisering

### Visjon

Vår visjon for inneverande soknerådsperiode er «Elska av Gud og menneske». Me vil løfte denne visjonen. Kyrkjelyden må samstundes halde seg til visjonar og planar frå fellesrådet, bispedømmerrådet og kyrkjemøtet. Dette er viktige visjonar, men det er viktig at soknets lokale visjon og lokale planar finn sin plass som hovudverktøy i møte med kyrkjelydens utfordringar og prioriteringar.

### Samanslåing av fellesrådet

I gamle Øygarden kommune var sokneråd og fellesråd det same rådet. Det nye fellesrådet frå 2019 er stort og robust og har ein viktig rolle på mange plan, mellom anna i kontakten med kommuneleiinga og økonomiske tildelingar. Med den nye organiseringa vert det større avstand mellom sokneråd/sokneprest og fellesrådet. Me er heilt avhengige av å få til eit godt samarbeid mellom dei to råda. Ein fordel med at fellesråd og sokneråd ikkje har felles møtedag lenger, er at det vert meir tid til å drøfte hjertesaker i kyrkjelydsarbeidet til soknerådsmedlemmane. Nytt fellesråd har endra stabskvardagen for dei tilsette i Hjelme og Blomvåg. Det er mykje mindre liv og aktivitet på kontoret på Rong som no er stengd for ikkje-planlagde besøk og administrasjonen har flytta. Der staben før hadde møte kvar veke, har me no sokneteammøte ein gong kvar månad. Det gjer noko med arbeidsfellesskapet når lokalstaben møtast sjeldnare og informasjonsflyten vert òg redusert. På ei annan side har dei ulike seksjonane nærare kontakt enn før og er meir robuste i møte med vakansar.

### Samanslåing av sokna

Det er for tidleg å seie kva for ringverknader det har fått å slå saman dei to sokna Hjelme og Blomvåg. Soknerådet må ha for auga at den minste eininga (Hjelme) kan verta lidande. Me har berre hatt felles liste ved soknerådval ein



gong (2019). Då vart berre ein representant frå Hjelme vald inn. Me jobbar medviten om at dei to sokna skal oppleve seg som eit. Dei to hovudkyrkjene er ulike og er eigna til ulike formål. Til dømes er Hjelme best eigna til fellesskapssamlingar, medan Blomvåg er best til morgonmessar. Foreløpig er det ikkje vanleg å farta over dei gamle soknegrensene på gudsteneste, men me ser at det no skjer noko meir enn før.

### Nye utval og nye planar

Soknerådet har opprette ulike utval. Dette arbeidet kom ikkje skikkeleg i gong før koronaviruset reduserte kyrkjelivet kraftig i mars 2020. Intensjonen bak utvala er å utløysa engasjement og eigarskap og skape eit meir vitalt kyrkjelydsarbeid. Soknerådet skal i samarbeid med utvala og dei tilsette utarbeide plan for diakoni og kyrkjemusikk, samt fornya trusopplæringsplanen. Me har no følgjande utval:

- Gudstenesteutval. Dette utvalet har eit underutval: Song- og musikkutvalet
- Diakoniutval
- Barne- og ungdomsutval
- Økonomiutval
- NAMU-gruppa (opprett i 2014)
- I tillegg er soknerådet ansvarleg for å velje styre til Skjergardsheimen

## 7.2 Gudstenesteliv

- Gudstenesteutvalet har mandat til, saman med prest og annan stab, å arbeide for eit rikt og inspirerende gudstenesteliv. Dei skal involverast i tenking rundt liturgi, varierte uttrykk, gjestetalarar, songval, kyrkje-kaffi, involvering av frivillige mm.
- Me ønskjer eit variert gudstenesteliv og vil fortsette med Sprell levande-gudstenester framover. Me vil og feire gudstenester utanfor kyrkjeskule ved særskilde



høve, og då gjerne saman med andre kyrkjelyder og forsamlingar slik me har gjort ein rekke gongar. Me ønskjer å feire nattverd på nokre av desse økumeniske gudstenestene.

- Søndagsskule ønskjer me å ha på kvar gudsteneste. Nok uløna leiarar og lite eigna kyrkjerom er utfordringar her. Dei gongene me ikkje har søndagsskule ønskjer me å leggje til rette for barn i gudstenesta.
- Song og musikk: Me ønskjer meir involvering av dei frivillige i tenesta med song og musikk. På store gudstenester har me brukt forsongarar og andre musikarar enn berre organisten. Dette ønskjer me også å sjå på ordinære gudstenester. Song og musikkutvalet har som mål å jobbe med dette saman med organisten. Kora og lokale songkrefter er viktige for gudstenestene framover.
- Kyrkjekaffi er eit viktig verktøy for varmare relasjonar i kyrkjelyden. Me vil fortsette med dette, trass dårlege lokale for slikt. Fleire frivillige bør involverast i arbeidet.
- Det er få ungdomar på våre tradisjonelle gudstenester, med unntak av konfirmantar. Me får ikkje ut potensiale av eit stort barne- og ungdomsarbeid. Me ser at ungdomane kjem om dei vert involverte i ulike oppgåver, og her ligg ein mogelegheit me kan bruka meir.

## 7.3 Kyrkjelydsutvikling

Vår visjon peikar på at alle er elskja av Gud og alle treng kjærleik frå menneske rundt seg. Vår kyrkjelyd er eit viktig verktøy for at dette kan verta realisert. Det handlar om kva som formidlast i ord og handling innanfor kyrkjeveggane, men like mykje kva me som kyrkjelyd og enkeltmenneske gjer resten av veka. Me ser mykje trusglede og engasjement, men me ser i alt for liten grad at menneske kjem til tru eller aktivt vender tilbake frå ei tilbakelagt tru. Me må som kyrkjelyd aldri miste misjonsfokus. Samstundes veit me at trua ikkje er like synleg hjå alle, og at me gir næring til trua hjå menneske som ikkje viser det til andre rundt seg.

NAMU-arbeidet har vore til stor hjelp for kyrkjelyden i å avdekkje våre sterke og svake sider. Den første illustrasjonen under viser «temperaturen» i kyrkjelyden ved førre analyse



i 2020. Den neste syner ein samanstilling av dei tre analysane i 2014, 2016, 2018 og 2020.

Bilda viser at kyrkjelyden har scora høgast på «Inspirerende gudstenester» i alle fire analysar. I 2020 steig talet til «høg» for gudstenester. Minimumsfaktoren har i alle analysane vore «Livsnære grupper». Nummer to frå botnen har vore «Varme relasjonar», men den faktoren hadde stige på siste måling. Det er verd å merka seg at det har vore jamn stigning på alle desse 8 teikna på kvalitet frå me starta å jobba fokusert med kyrkjelydsutvikling.

Desse analysane ha vore styrande for kva slags tiltak me har satsa på og vil satse på vidare. Neste analyse vil skje ved årsskiftet 2022-2023. er.

Dette er bakgrunnen for vår satsing på grupper og meir relasjonsbygging. Det er vanskeleg å telje talet på grupper i kyrkjelyden fordi mange er oppretta utan tilknytning til kyrkjelydsarbeidet, men leiarar frå 9 ulike grupper vert invitert til leiarsamlingar for slike mindre grupper. Fleire av gruppene er komen til den siste tida. Kyrkjelyden vil fortsette arbeidet med husfelleskap og anna fellesskapsbyggande tiltak som er nemnt tidlegare i denne meldinga.

## 7.4 Skjergardsheimen

Leirstaden Skjergardsheimen fekk kyrkjelyden i gåve frå Indremisjonen og er eit svært nyttig verktøy i barne- og ungdomsarbeidet. Oppslutnaden er god og det vonar me skal fortsetja. Det er krevjande å drive ein leirplass, og drifta med leirskule i vekedagane gjer at drifta kan oppretthaldast. Men slitasjen er stor og leirstaden har store vedlikehaldsutfordringar. Soknerådet vil saman med leirstadstyret ha fornya fokus på leirstaden som sentral faktor i kommunen og kyrkjelydsarbeidet.

## 7.5 Diakoni

Diakonien er eit stort felt og me skal få på plass ein diakoniplan i tida som kjem. Det vert viktig å framheve at diakoni ikkje kan gjerast av diakoniarbeidaren og diakoniutvalet åleine. Både kyrkjelydsmedlemmar og tilsette utfører diakoni i våre møte med andre menneske. Slik utvidast perspektivet for arbeidet i Guds rike. På den måten får alle aktivitetar i vår regi eit sterkt preg av diakoni. Det konkrete diakonale vaksenarbeidet er nemnt tidlegare, men alt barne- og ungdomsarbeid er også i høgste grad eit diakonalt arbeid, slik som at det er tilbod for ungdomar kvar fredagskveld. Det er berre kyrkja, i samarbeid med INRI-kyrkja, som har helgetilbod til ungdom i vår del av kommunen. Dei diakonale behova er veksande og det vert viktig for kyrkja å gjere konkrete og gode val for korleis me kan vise omsorg i møte med dei ulike utfordringane i soknet og kommunen, slik som til dømes aukande grad av eldre, innvandrarar og ulike formar for utanforskap.

## 7.6 Arbeidet med barn og ungdom

Me har mykje aktivitet. Mange trivst i den kristne fellesskapen, noko som i seg sjølv er eit viktig diakonalt perspektiv. Men det manglar ofte heilt grunnleggjande bibelkunnskap og forståing av dei kristne grunnsanningane. Dette utfordrar i forhold til undervisninga, og det er avgjerande at dei unge må verte endå meir grunnfesta dersom dei skal bli bevart. Me må finne gode rammer for undervisning og grunnfesting. Når det gjeld overgangen frå ungdomsarbeidet til vaksenarbeidet, ser me ein klår tendens: Det er stort sett barn frå aktive kristne heimar som vert rekruttert til vidare aktivt kyrkjelydsarbeid.

## 7.7 Frivilligheit

Dei uløna medabeidarene er kyrkja sin viktigaste resurs. Me må spørje oss om me undervisar og rettleiar nok om nådegåver og tenester i kyrkjelyden. I Øygarden er ein van med å stille opp og gjere ein jobb utifrå plikt. Men det er mykje meir tenleg å bidra utifrå evner og gåver. Me må også spørje oss om det er menneske rundt oss som berre ventar

på eit spørsmål om å få ei oppgåve. Arbeidsmengda bør utjamnast. Ei forholdsvis stor arbeidsmengd er lagt på for få menneske.

## 7.8 Økonomi

Givartenesta er låg. Ein er van med å gje til ytremisjon, men ikkje i like stor grad til lokalkyrkja. Eit enklare digitalt givarsystem er undervegs, og må nyttast. Så må givarglede forkynnast og haldast fram. Økonomiutvalet vert viktige her. I koronatida vart det tydeleg at Skjergardsheimen med sine tilsette er utsett ved store økonomiske endringar.

## 7.9 Kyrkjebygg

Hjelme og Blomvåg sokneråd meiner det er tid for å vurdere kyrkjebyggsituasjonen og sjå på tomteareal for ny kyrkje i nordre Øygarden. Me ynskjer å delta i utviklinga av kommunedelsenteret på Rong, og me vil leggje til rette for kyrkja si bruk i framtida. Ei ny kyrkje vil tydeleggjere kyrkja si rolle som aktiv samfunnsaktør. Soknerådet har ved ulike høve drøfta situasjonen om brukartilhøva i kyrkjene, og særleg Blomvåg kyrkje. På soknerådsmøte i januar 2021 gav soknerådet mandat til å skipa ein komité, som skal starte arbeidet med framtidig kyrkje for Blomvåg sokn. Arbeidstittelen på prosjektet er «Framtidig arbeidskyrkje i kommunedelsenter nord».

Blomvåg kyrkje er 90 år, den er liten og ikkje eigna til det notida og framtida krev av ei kyrkje. På slutten av nittitalet var arbeidet med å auka kapasiteten i Blomvåg komen langt, både frå kommunen og kyrkja si side. Dette arbeidet vart stoppa, og riksantikvaren har verna kyrkja for høvet for å utvide den eksisterande kyrkja. Dagens behov er annleis enn før. Det er mange ting ved storleiken, plasseringa og innhaldet i Blomvåg kyrkje som ikkje er framtidsretta.

Både Hjelme og Blomvåg kyrkje har store utfordringar for ulike aktivitetar. Både løna og uløna medarbeidarar utførar si tenesta med små kjøkken og små rom utanom kyrkjerommet. Dette tærer på motivasjonen og gjer det vanskeleg å sjå for seg vidare vekst. Det må arbeidast med ulike løysningar for forbetring. I tillegg til å arbeide for ei ny kyrkje på Rong i framtida, kan det gjerast utbetringar med lydisolering mellom ulike rom og ny ekstern kyrkjelydssal/bårerom/sanitæranlegg ved Blomvåg kyrkje.

## 7.10 Koronatida



Kystpilegrimsvandringa 2. pinsedag 2021 vart avslutta med ei gudsteneste utanfor Hjelme gamle kyrkje. Foto: Fredrik Mortensen

Koronatida har gjeve store utfordringar for kyrkjelydsutvikling og anna arbeid. Noko av utfordringa har fått medieomtale slik som avlysing av gudstenester, sterke plassavgrensingar ved kyrkjelege handlingar og utsetting av konfirmasjonar og dåp. Restriksjonane har gjort at me ikkje kunne ha kyrkjekaffi og det sosiale livet knyta til gudstenestene har vorte sterkt redusert. Barnefamiljar har vore varsame med å kome på gudstenester i frykt for at barna ikkje kan holde avstandsreguleringane. Somme forstår ikkje påmelding på nett og held seg heima. Dei eldre har vorte meir isolert og einsame. Pandemien har gjeve mange utfordringar og me er spente på langtidsvirkningane. Koronatida har òg vist at kyrkja er viktig i krevjande tider og me har nådd inn til mange med våre digitale sendingar.

I starten av koronatida snudde kyrkjelyden seg rundt og gjorde gode gudsteneseteproduksjonar og liknande tilgjengelege på sosiale media. Me nådde breitt ut i samfunnet og fekk gode tilbakemeldingar. I starten eigde me ikkje teknisk utstyr for å dekkja dette behovet, men fellesrådet har no kjøpt inn ein del utstyr. I seinare tid har me ikkje nytta sosiale media i like stor grad. Slike innspelningar er tidkrevjande og ein del meldar om at dei ikkje lenger orkar følgja med på nett.

Kyrkjestatistikken for dei to siste åra viser stor tilbakegang på mange områder. Det er heilt naturleg. Men kyrkjelydens siste NAMU-analyse gjev ikkje haldepunkt for å seia at det aktive kyrkjelydslivet har gått tilbake trass mindre aktivitet. Den analysen vart tatt i desember 2020. Her er tala stabile

eller svakt stigande. Ny analyse skal gjerast i desember i år og vil gje eit tydelegare bilete av heile pandemiperoden.

Trass i mange avlysingar, har kyrkjelyden gjort mange tiltak for å ha eit aktivt kyrkjelydsliv. Av tiltak som er starta i pandemien kan nemnast:

- Gospeltorsdagar i Blomvåg kyrkje
- Song-og salmekveldar i Hjelme kyrkje
- Kyrkjeto i Hjelme kyrkje
- Bilrebusar med digitale kveldssamlingar
- Felleslesing av Bibelen på Facebook gjennom fastetida (300 deltakarar)
- Utekunst-vandringar
- Utegudstenester frå kyrkjetrappa
- Haugekveld i Hjelme gamle kyrkje (samarbeid med bispedøme og Kystmuseet)
- Pilegrimsvandring til Hjelme gamle kyrkje (samarbeid med kommunen og nærmiljøutvalet)

Til sist nemnast den endringa som vart gjort grunna pandemien som kan gje størst innverknad på sikt. Barn har fått større plass i hovudgudstenesta. Plassrestriksjonane gjorde at barn ikkje kunne ha eigne samlingar og derfor vart meir av innhaldet i kyrkerommet tilrettelagt for barn, slik som opning av skattekista med barneandakt, fleire barnesongar og kyrkjekonkurransar. Barn vart involvert i gjennomføringa i større grad enn tidlegare.

# 8. Sluttord/konklusjon

Folket er glad i kyrkja si i Hjelme og Blomvåg. Kyrkja står sterkt, noko dei ulike statistikkane syner. Me vil vere ei kyrkje for folk som treng dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Me vil vere ei kyrkje midt i bygda, og midt i livet både når det er glede og når det er sorg. Samstundes vil me vere ei fellesskapskyrkje med fleire aktivitetar enn dei mest naudsynte, og der deltakarane sjølv er involvert i organiseringa og gjennomføringa.

I Guds kyrkje på jord er det berre Gud sjølv som kan skape vekst. Med det som utgangspunkt, er me alle likeverdige medarbeidarar som skal få tene med våre ulike gåver og tenester. Det er vårt håp for kyrkjelydsarbeidet at «han som tok til med den gode gjerning i dykk, skal fullføre henne – heilt til Jesu Kristi dag».

Bispevisitasen 2022 vil gje oss eit godt høve til å stanse opp og reflektere omkring arbeidet me er ein del av. Me ser fram til inspirerande dagar saman med vår biskop.

